



LAB - nytt nr 2-2013

- Digitoksin utgår frå analyserepertoar
- Standardisering av prøver til glukosebelastning
- Merking av prøver til blodtyping / blodtypeantistoffscreeingin
- Nye sikkerheitskanyler

Digitoksin

Frå 1. mai 2013 vil analyse av digitoksin utgå frå analyserepertoaret i Helse Førde. Analysetalet er sterk redusert etter at Statens Legemiddelverk i desember 2011 avregistrerte digitoksinpreparatet Digitoxin®. Analysen blir framleis utført i Helse Bergen, og vil bli sendt dit. Analyse av digoksin blir utført i Helse Førde som før.

Glukosebelastning

Ved glukosebelastning skal det takast to 2 prøver til S-Glukose, ein fastande og ein etter 2 timar. Det er svært viktig at prøvane blir korrekt behandla. Prøven må sentrifugerast så fort som råd, etter å ha stått 30 min. etter prøvetaking. Dersom ein ikkje brukar gelrør, må serum overførast til plastrør straks etter sentrifugering. Prøverøra må merkast tydleg med «fastande prøve» og «2 timars prøve». Sjå også NOKLUS sin prosedyre for glukosebelastning.

Prøver til blodtype / blodtypeantistoff- screening

Før prøvetaking til blodtyping og blodtypeantistoff-screening må pasientane identifisere seg med fullt namn og fødselsnummer (11 siffer). Vedkomande som tek prøven må kontrollere identiteten og signere med initialane sine på etiketten på prøverøret. Etiketten må også merkast med namn, fødselsnummer og prøvetakingsdato. Dette er for pasienten sin sikkerheit, i tillegg til at det er lovfesta av myndigheiter. Difor kan ikkje blodbanken analysere prøver som er ufullstendig merka.

Nye sikkerheitskanyler



EU Sharps Directive som gjeld førebygging av stikkskader i helse- og pleiesektoren vart vedteke i mai 2010, og skal vere fullt implementert innan 10. mai 2013.

Direktivet stiller m.a. krav til at det skal brukast sikkerheitskanyler, og det forbyr «recapping» av brukt kanylen, det vil sei at kanylehetta vert sett tilbake på den brukte kanylen.

Arbeidstilsynet arbeider no med ny forskrift som vil implementere direktivet i norsk lovgiving. Pålegg i forskrift vert gjeldane for alle arbeidstakarar.

Dette medfører at Helse Førde berre vil kjøpe inn og bruke sikkerheitskanyler, og at vi kun vil sende ut sikkerheitskanyler til primærhelsetenesta.

Sikkerheitskanyler er prøvetakingsutstyr med ein sikkerheitsmekanisme festa på kanylen (sjå bilde). Den skal løysast ut straks etter prøvetakinga er ferdig, og skal redusere risiko for stikkskader. Ta kontakt med NOKLUS om det er behov for informasjon/opplæring. Ved utsending vil det følgje med ein plansje som viser korleis utstyret skal brukast.

Førde 30. april 2013

Åse Reikvam
-avdelingssjef